



Nordplan
Postboks 224
6771 Nordfjordeid

Bergen, 23. november 2017

Høyringsuttale om revidert planprogram for Seawalk Ulvik

Vårt primære standpunkt er at Ulvik bør ta eit globalt samfunnsansvar ved å ikkje bidra til auka cruisetrafikk. Dersom heradet likevel ynskjer auka cruiseturisme til bygda, må dette skje på måter som ikkje går ut over lokale naturverdiar.

Miljøproblem med cruisetrafikk

Det har dei siste åra vore auka merksemد på negative konsekvensar av cruisetrafikk i norske fjordar. Lokalbefolking har klaga på forsøpling, støy og synleg eksos.

Dei fleste skip som besøker dei norske fjordane er bygde før år 2000 og har motorar utan moderne reinseteknologi. Desse slepp ut partiklar, svoveloksider og NOx.

Sjøfartsdirektoratet har kartlagt miljøutslepp frå cruisetrafikk i Geirangerfjorden, Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden, og konkluderer med at den lokale luftforureininga tidvis overstig grensene for det som kan vera helsekadeleg. Ifølgje verdas helseorganisasjon kan fine sotpartiklar frå forbrenning i dieselmotorar føra til lungekreft, og vert klassifiserte som like farleg som asbest.

I tillegg er utslepp av CO2 frå cruiseindustrien ein bidragsyta til global oppvarming og medfølgjande klimaendringar. Ifølgje tal frå Vestlandsforskning er cruisetrafikk den klart mest forureinande ferieforma. Eit moderne cruiseskip slepp ut 4 tonn CO2 i timen. Det betyr at eit skip i løpet av 2-3 timer, har sleppt ut meir CO2 enn det som er det gjennomsnittlege årsforbruket til ein nordmann.

Andre problem med cruisenæringa er utslepp av oljehaldig lensevatn, kollisjonar med dyr i havet (t.d. kval), og lydforureining som forstyrre dyr i havet. Cruiseskip slepp ut næringsstoff som nitrogen og fosfor gjennom utslepp av kloakk og oppkverna matavfall, og dette forstyrrer økosystem i hav og fjord av di det fører til auka plantevækst og algeoppblomstring.

Ulvik herad må ta sin del av ansvaret for å legga til rette for meir berekraftige formar for turisme enn cruiseturisme, og ikkje bidra til å gjera denne reisemåten meir attraktiv ved å stilla til disposisjon ei vakker bygd.

Innspel til denne saka

Det står i forprosjektet til saka at det ikkje er føretatt marinbiologiske undersøkingar, og at ein ikkje har kjennskap til om det førekjem raudlista arter i det råka området.

På temaet naturmangfold i forprosjektet er konsekvensen av inngrepene vurdert til å vera usikker, og dette vert slik me forstår det, sidestilt med å ha ingen verknad. Naturmangfaldet vert vurdert til å ha ingen verdi. Naturvernforbundet vil minna om at når ein ikkje har kjennskap til det biologiske mangfaldet i eit område, skal ein ifølgje til naturmangfaldslova ha

ein føre-var-haldning. Mangel på kunnskap skal ikkje brukast som argument i favør av eit tiltak, og me ser fram til at det vert føretatt marinbiologiske undersøkingar.

Det vert i planprogrammet anslått at bygging av Seawalk i Ulvik kan føra til opp mot 50 fleire anløp i året, og at det vil vera behov for 15- 20 bussar til kvart skipsanløp for å ta unna turistane som skal på utflukter på land. Me stiller spørsmål om kvar desse bussane med turister skal reisa. Kva skal turistane sjå og gjera? Finst det meir miljøvenlege måtar å frakta turistane til desse reisemåla, eller finst det andre cruisehamner som ligg nærmare desse reisemåla? Det er ikkje mogeleg å ta stilling til konsekvensane auka cruisetrafikk vil få for lokal natur så lenge ein ikkje veit meir om dette. Er det tatt stilling til om turistane kjem til å bevega seg i nærleiken av lokale verneområde, t.d. våtmarksområdet Ulvikpollen naturreservat som er eit hekke- og trekkområde for våtmarksfugl, og der all vegetasjon på land og i vatn er freda?

Heradet må ta stilling til om auka cruisetrafikk kan komma i konflikt med potensielle grøne næringar. Til dømes kan tunikater og blåskjell brukast til produksjon av dyrefôr, noko som vil gjera norsk landbruk meir miljøvenleg, og gjera Noreg mindre avhengig av importerte råvarer som soya. Dette er ei næring som er avhengig av reint vatn, og slik situasjonen er i dag, er Ulvik ein aktuell stad for denne næringa.

Ulvik herad bør venta med ei avgjerd til Hardangerregionen har etablert ein samla strategi for korleis ein i fellesskap best kan dra nytte av cruisetrafikken og samstundes ta vare på naturen, som er sjølve grunnlaget for at turistane kjem til regionen. Det er også naturlig å venta til Vestlandsrådet har behandla ferdig sin cruisestrategi som no er ute på høyring. Heradet må ha ein gjennomtenkt plan på korleis ein skal organisera turismen i bygda før ein tek stilling til søknaden om etablering av Seawalk, slik at ein unngår å ta hastige avgjerder som kan øydeleggja eit natur- og kulturmiljø som ein kan hende aldri kan få attende.

Vegen vidare for Ulvik

Naturvernforbundet Hordaland (NVH) oppmodar Ulvik om å ligga i forkant av utviklinga ved å ha ein restriktiv haldning til cruisetrafikk. Fleire stader i inn- og utland ser ein at det vert stramma inn på regelverk og krav knytt til miljøproblem, og at det vert innført restriksjonar for å hindra slitasje på lokal natur. Lokal natur og sær preg kan ikkje settast på spel utan at det vert grundig undersøkt kva konsekvensar ei slik cruisesatsing kan få. Er det lurt på lang sikt å la cruiseskipa legga til midt i indrefileten?

Dersom Ulvik herad likevel vel å legga til rette for auka cruisetrafikk til bygda, forventar NVH at det vert stilt strenge miljøkrav. Det er mykje teknologisk utvikling på gang innan skipsfart, og aktørar innan næringa etterlyser sjølve at myndigheter stiller strengare krav til CO₂ reduksjon, energieffektivisering og miljøvenleg teknologi. Ein kan ikkje forventa at Ulvik herad skal ha kompetanse på dette området, og difor bør heradet venta på cruisestrategien frå Vestlandsrådet.

Dersom Ulvik ynskjer å satsa sterkare på fjordbasert turisme, bør dei la seg inspirera av den heilelektriske passasjerferja «Future of the Fjords» som frå 2018 skal gå i trafikk i Nærøyfjorden. Ferja har plass til 400 passasjerar, og ein halvdagstur til Ulvik kan vera eit tilbod til passasjerar på cruiseskip som ligg til kai i Eidfjord. Det er stor optimisme og pågangsvilje i norsk skipsindustri med tanke på miljøvenlege løysingar, og her har Ulvik herad høve til å kasta seg på ein bølgje som skaper norske arbeidsplassar, miljøvenlege transportløysingar og innovasjon ein kan vera stolt av. Eit slikt samarbeid med Eidfjord vil i såfall føra til at Ulvik slepp lokal luftforureining, støy og trafikkale problem frå skip og bussar. Det negative er at Ulvik framleis vil bidra til å gjera cruiseferie meir attraktivt. Det hjelper lite

med strengare regelverk og ny teknologi dersom den positive gevinsten vert spist opp av auka trafikk.

Ulvik er ei bygd som viser fleire positive trekk, som stabilitet i befolkninga, evne til å trekka til seg både fastbuande og turistar frå andre deler av verda, eit innovativt næringsliv, eit levande kulturliv, og ein høg andel unge som ynskjer å bu i bygda. Alternativet til ei satsing på masseturisme er å halda stø kurs på denne positive vegen.

Ulvik har alltid vore avhengig av og nytt godt av naturen. Bygda bør halda fram innsatsen for å vera ei innovativ kulturbygd som spelar på lag med naturen. Naturvernforbundet Hordaland forventar at Ulvik herad tar samfunnsansvar og ikkje bidreg til auka cruisetrafikk før næringa er betre regulert med tanke på miljøutslepp.

Med venleg helsing
Naturvernforbundet Hordaland

Gabriel Fliflet
Leiar i klima- og transportgruppa

Øystein Heggebø
Fylkesleiar